



TysseLand Arkitektur As  
Valkendorfs-gaten 9  
5012 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3007 - 17/5688

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
21.03.2017

## Godkjenning - igangsettingsløyve utomhusanlegg , grunnarbeid med VA-anlegg i Mjåtveitmarka B24, gbnr 22/166, 173.

**Administrativt vedtak. Saknr: 81/2017**

**Tiltakshavar:** Mjåtveitmarka B16 AS  
**Ansvarleg søkjar:** TysseLand Arkitektur AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### **Saksutgreiing:**

#### Tiltak:

TysseLand Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar Mjåtveitmarka B16 AS, søkt om igangsettingsløyve (IG) for grunnarbeid med VA-anlegg for utomhusanlegg i Mjåtveitmarka B16, gbnr 22/166,173.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 02/2017, dagsett 17.02.2017.

I rammeløyve dagsett 17.02.2017 vart det sett krav om at plan for handtering av overvatn må vere godkjend av kommunen før igangsettingsløyve vart gitt. Kommunen har i skriv dagsett 21.03.2017 godkjend revidert VA-plan motteke 20.03.2017.

### **Vurdering:**

#### Planstatus:

Eigedomen er Reguleringsplan for Mjåtveitmarka – planid 125620060002 – avsett til bustadområde. Omsøkt tiltak er i tråd med reguleringsplan.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov § 23-1.

#### Lov - og plangrunnlag

Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget. Det blir vist til rammeløyyet for nærare opplysningar om dette.

#### **Vedtak**

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve grunnarbeid med VA-anlegg for utomhusanlegg i Mjåtveitmarka B16, gbnr 22/166, 173, i samsvar med søknad motteke 13.03.2017 og revidert VA-plan motteke 20.03.2017.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så framt det ikkje er gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan dagsett 13.03.2017, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Mjåtveitmarka B16 As

c/o Tysseland

5012

BERGEN

**Kopi til:**

arkitektur AS  
Valkendorfgaten  
9

**Mottakere:**

TysseLand Arkitektur As

Valkendorfgaten 5012  
9

BERGEN